

# Personvernerklæring for påmelding til Opera Nordfjord Sommarskule.

## Behandlingsansvarleg

Stiftinga Opera Nordfjord er behandlingsansvarleg for personopplysningar på operanordfjord.no.

## Formål

Personopplysningar vert brukt til anonymisert statistikk innad i Stiftinga Opera Nordfjord.

Kontaktinformasjon vert brukt til kommunikasjon i høve søknadsstatus, arrangementsoppdateringar ved godkjent søknad og nyhendebrev dersom det er innan tre år av søknadsdato og eleven framleis er i grunnskulealder.

Stiftinga Opera Nordfjord sitt grunnlag for å behandle personopplysningar er å oppfylle ein avtale med den registrerte eller for å oppfylle ei rettsleg forplikting.

## Databehandlar

Veir AS er databehandlar. Data er kryptert og lagra i eit datasenter i Finland eigd av Google Ireland Limited. Google Ireland Limited har ikkje tilgang til data. Veir AS har utvikla søknadsmodulen og har dermed tilgang til anonymisert data i høve teknisk bistand.

## Personopplysningar

### *Personleg data*

Namn, fødselsdato, og kontaktinfo vert brukt til i anonymisert statistikk innad i Stiftinga Opera Nordfjord og alle søknadar vert anonymisert etter tre år.

### *Sensitive data*

Ev. sensitive data i feltet "Allergi og diettbehov" vert automatisk sletta fire veker etter endt arrangement.

### *Kontaktinformasjon*

Namn på føresatte, e-postadresse og telefonnummer vert brukt til kommunikasjon i høve søknadsstatus, arrangementsoppdateringar ved godkjent søknad og nyhendebrev dersom det er innan tre år av søknadsdato og eleven framleis er i grunnskulealder.

## Innhenting

Personopplysningane ovanfor vert kun henta gjennom kontaktskjema som vert utfylt av deltakar.

Personopplysningane er frivillige å gje i frå seg, men nokre av dei er naudsynte å oppgje til Stiftinga Opera Nordfjord for å kunne delta på arrangementa.

Ingen personopplysningar vert utlevert til tredjepartar.

Ingen personlege eller sensitive data utanom det som er omtala i punkta ovanfor vert lagra via denne søknadsmodulen.

## Rettar

Deltakarar har rett til innsyn i eigne personopplysningar, samt retting og sletting av ev. mangelfulle eller uriktige opplysningar, i følge norsk lov.

**Kontaktinformasjon**

*Stiftinga Opera Nordfjord*

Kari Standal Pavelich

Tlf: 951 37 226

[post@operanordfjord.no](mailto:post@operanordfjord.no)

*Veir AS*

Geir B. Skårhaug

Tlf: 975 13 921

[geir@veir.as](mailto:geir@veir.as)